



Referansar: KR 50/05, KR 32/08, KR 12/10, KR 47/11

Saksdokument:

Framlegg til Norsk salmebok 2013, januar 2012, del 1 og 2

Vise til:

- Salmebok 2008. Forslag til ny norsk salmebok. Del 1: De nye salmene, 2008
- Salmebokforslaget 2008. Del 2: Supplerende materiale, 2008
- www.kyrkja.no/salmebok

Ny salmebok

Samandrag

Her blir framlegget til den nye salmeboka presentert. Det har vore arbeid med dette i fleire fora for at resultatet skulle bli så gjennomarbeida og balansert som mogeleg.

Kyrkjerådet meiner dette er eit velgrunna framlegg til vedtak, og Bispmøtet har ikkje hatt lærermessige innvendingar til det.

Det overordna perspektivet har vore at utvalet av salmar skal dekkje behovet til alle søndagar i kyrkjeåret, til alle typar gudstenester, til høgtider, dåp, vigsel, gravferd osb. Boka skal først og fremst tene gudstenestelivet, derhest skal ho òg vere eit bidrag til andaktslivet i familiar og for enkeltmenneske. Det har vore eit mål å ta vare på det vi gjerne kallar *salmeskatten*, og la dei kjende og kjære salmane få stå side om side med dei nye som er komne til.

Som det går fram av denne saksframstillinga, har boka vore gjennom ein omfattande prosess som omfattar arbeid i to faglege arbeidsgrupper, utprøving og høyring, samt handsaming i Kyrkjerådet og Bispmøtet. I heile prosessen har Kyrkjemøtet vore orientert om arbeidet.

I det følgjande blir det gjort greie for korleis arbeidet med salmeboka har gått føre seg, og det blir teikna eit bilet av framlegget som no blir lagt fram for vedtak. Boka er fullført etter dei føringane Kyrkjerådet gav i mars 2010. Det store materialet i *Salmebok 2008*, er teke ned til eit omfang som let seg trykkje i eitt bind, og det er lagt vekt på å skape ein god balanse mellom gammalt og nytt salmestoff. Slik boka no står fram, dekkjer ho behovet for salmar i ulike gudstenester, kyrkjelege handlingar og andaktsliv.

Salmeboka kan takast i bruk 1. søndag i advent 2013. Namnet skal framleis vere ”Norsk salmebok”, men på tittelbladet vil det stå ”Norsk salmebok 2013”. Ny koralbok vil ligge føre på same tid som den nye salmeboka.

Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å gjere følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet vedtek å autorisera ny salmebok for Den norske kyrkja, slik ho er lagd fram på møtet i april 2012 med dei endringane som kom fram i Kyrkjemøtet.
2. Administrasjonen i Kyrkjerådet får mynde til å gjere naudsynte justeringar i salmeboka i korrektur- og produksjonsfasen.

Saksorientering

1 Bakteppe

Ny prosess

Prosessen med å autorisere ei ny salmebok for Den norske kyrkja går ikkje føre seg heilt på same måten som med tidlegare salmebøker. *Norsk Salmebok* blei godkjend ved kongeleg resolusjon 29. juni 1984 – slik som tidlegare norske kyrkjesalmebøker òg har båre eit godkjenningstempel frå Kongen og styresmaktene. No er liturgisaker, inkludert salmebok, overført til demokratisk valde kyrkjelege organ (ved kongeleg resolusjon av 13. oktober 2006). Det vil seie at endeleg vedtak om autorisering blir fatta av Kyrkjemøtet, ikkje ved kongeleg resolusjon. Det er Kyrkjerådet som sender saksdokumentet til Kyrkjemøtet etter at biskopane har uttala seg om den teologiske læra i salmane.

Salmebokutvalet

Framlegget om ei gudstenestereform i Den norske kyrkja kom i 2003, og arbeidet med reforma tok til i 2004. Kyrkjerådet gav Nemnd for gudstenesteliv oppdraget med å utvikle ny liturgi og ny salmebok. Administrasjonen i Kyrkjerådet sette ned fem underutval, og eit av desse, Underutval 5 (Salmebokutvalet, SU), fekk i oppdrag å arbeide med salmane.

Nye trendar

SU la opp til å skape det første salmeverket i to bind i Den norske kyrkja. Det første bindet skulle ha ein meir varig karakter enn det andre, som skulle kunne skiftast ut oftare. Det første skulle i hovudsak romme det umistelege arvegodset av salmar i norsk språkdrakt, det andre skulle vere litt meir eksperimentelt og ta inn salmar som representerte eit breitt spekter av sjangrar, både tekstleg og musikalsk. Eit av dei mest markante trekka var eit forsøk på å hente inn tekster frå den allmenne norske og nordiske lyrikken, tekster som til dels var slik at dei aldri tidlegare hadde vore aktuelle i ein salmeboksamanheng. Også sjangerbreidda representerte noko nytt for ei hovudsalmebok, der ein gav rom for gospel og spirituals, såkalla moderne lovesong, songar frå Taizé og Iona, og innslag frå den fargerike verdsvide kyrkjefamilien. Gjennom *Salmer 1997* hadde Den norske kyrkja fått ein forsmak på nokre av desse sjangrane.

Salmebok 2008

Etter at SU hadde arbeidd i fire år, kom eit framlegg til ny salmebok i 2008, med tittelen *Salmebok 2008*. Det komplette framlegget var sett saman av to bøker. Den eine boka inneheldt 359 salmar, med melodi til dei fleste tekstene. Til saman var det 382 tekster. Den andre boka, *Salmebokforslaget 2008, supplerende materiale*, inneheldt ei grundig orientering om tankegongen bak arbeidet med framlegget, oversyn over kva for salmar som var første vidare og kva for salmar som var utelatne frå *Norsk Salmebok* og *Salmer 1997*, ulike register og kommentarar, i tillegg til den felleskyrkjelege salmelista (sjå s.16). Dette materialet kan ein få ved å ta kontakt med Kyrkjerådet. Det ligg òg tilgjengeleg på Internett: <http://www.kyrkja.no/?event=doLink&famID=55498>

Høyring

Boka blei send på høyring og utprøving sommaren 2008. Ei lang rekke kyrkjelydar tok boka i aktiv bruk i gudstenestene, og fekk såleis praktisk røynsle med salmane. Denne utprøvinga har vore ein viktig bakgrunn for mange av høyringssvara. Kyrkjelydar, utdanningsstader, biskopane, bispedømmeråda og ulike institusjonar var høyringssinstansar. Høyringssvara blei gjennomgåtte og systematiserte av eit høyringsutval. Det same utvalet gjekk òg igjennom heile høyringsmaterialet og kom med tilråding om prosessen vidare. Nokre av hovudlinene i det salmebokframlegget som no ligg føre, blei stadfesta av høyringsutvalet, både når det gjaldt sjangerbreidd og representasjon av allmenn norsk og nordisk lyrikk, og er seinare blitt stadfesta av Kyrkjerådet.

Vedtak om eitt bind

På bakgrunn av alt dette handsama Kyrkerådet salmeboka på nytt i mars 2010. Til dette møtet låg det føre eit fyldig saksdokument, som gjorde greie for heile prosessen med ny salmebok, høyringa, høyringssvara og grunngjevinga for å gå vidare i arbeidet med ny salmebok. Dette dokumentet (KR 12/10) ligg lett tilgjengeleg på www.kyrkja.no/salmebok (*Saksdokument til møte i Kyrkjerådet i mars 2010*).

I dokumentet blei det skissert fire ulike alternativ for prosessen vidare:

Modell I: Inga ny bok

Modell II: Eit salmeboktillegg

Modell III: Ny salmebok i to bind samstundes

Modell IV: Ny hovudsalmebok i eitt bind

Før møtet i Kyrkjerådet i mars 2010 var det ulike meininger om korleis delar av høyringa skulle tolkast, men hovudforståinga var at høyringa ikkje gav grunnlag for å oppretthalde framlegget om ei ny salmebok i to bind. Kyrkjerådet vedtok modell IV, og vedtaket var slik:

1. *Kirkerådet ber om at det utarbeides forslag til ny hovedsalmebok i ett bind. I denne inngår også bønnebok, liturgier og katekismen.*
2. *Arbeidet gjøres på grunnlag av det forslaget som er lagt frem i boken Salmebok 2008 og de synspunktene som er kommet frem i den høyringssprosessen som er gjennomført.*
3. *Kirkerådet ber sekretariatet forberede saken for ny behandling på rådets møte i september 2011.*
4. *Arbeidet føres frem til kirkemøtebehandling i 2012, slik at den nye salmeboken med tilhørende koralbok kan tas i bruk høsten 2013.*

Behov for ny bok, inga ny høyring

Då Kyrkjerådet fatta vedtaket i mars 2010, hadde rådet som sagt eit omfattande og instruktivt saksdokument i ryggen. Dette dokumentet nemner ni hovudargument for at kyrkja treng ei ny hovudsalmebok: Dei tre første argumenta er:

1. *Det har vore ein omfattande salmedugnad der det har vore skrive mange nye salmar. Det er viktig at gudstenestelivet i kyrkja speglar denne viktige nyskrivinga av salmar for å femne den tida vi lever i.*

- 2. Det er etter 25 år med Norsk Salmebok og 13 år med Salmer 1997 behov for ei kritisk vurdering av kva for salmar som gir best mogleg hjelp til songen i gudstenestelivet i kyrkja, og for dei andre bruksområda for ei slik salmebok.*
- 3. Gudstenestereforma utfordrar til grundig gjennomtenking og fornying av gudstenestelivet i kyrkja. Songen er eit sentralt element i gudstenestefeiringa i kyrkja vår. Det er viktig at salmeboka byggjer opp under og er ein del av den omfattande gudstenestefornyingen som gudstenestereforma inneber.*

I åra som har gått sidan *Norsk Salmebok* kom, har kyrkja vår fått tettare band til andre kyrkjer og til straumdrag som går på tvers av fleire kyrkjesamfunn. Dette har òg gitt oss mange nye salmar og songar. Saman med det materialet som norske salmeforfattarar og komponistar har skapt, er det no tid for å få slike salmar inn i salmeboka. Oppsummeringa seinare i dette dokumentet viser at meir enn 40 % av tekstene i det nye salmebokframlegget ikkje var med i *Norsk Salmebok*.

Frå nokre hald er det reist kritikk mot at det nye salmebokframlegget ikkje skal ut på høyring. Men *Salmebok 2008* har vore på høyring, og det nye framlegget er i høg grad eit resultat av denne høyringa. Arbeidet som har vore gjort det siste halvanna året, har gått ut på å følgje opp høyringa og vedtaket frå Kyrkjerådet i mars 2010. Det vil i praksis seie å bringe det store materialet i *Salmebok 2008* ned til eit omfang som er mogleg å handtere for ei salmebok i eitt bind. I tillegg til den høyringa som har vore, har den kontinuerlege publiseringa på www.kyrkja.no gitt innsyn i prosessen og såleis gjort det mogleg for mange å kome med innspel undervegs.

Både Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet er blitt regelmessig oppdaterte om salmeboka, i første rekkje gjennom dei orienteringane kyrkjerådsdirektøren har gitt.

2 Arbeidet etter vedtaket i Kyrkjerådet i mars 2011

Prosjektleiar og prosjektgruppe

Sidan Kyrkjerådet skulle handsame ny salmebok allereie i september 2011, måtte arbeidet organiserast på ein måte som sikra god og forsvarleg framdrift, og som gjorde at fristen kunne haldast. Administrasjonen i Kyrkjerådet tilsette ein prosjektleiar, og sette ned ei lita prosjektgruppe med høg fagleg kompetanse, som var i stand til å arbeide raskt utan å arbeide overflatisk. Administrasjonen sytte for at gruppa hadde kyrkjemusikalsk kompetanse, teologisk og hymnologisk kompetanse, brukarrøynsle frå ulike typar kyrkjelydar, kompetanse på songen i ungdomsmiljøa, osb. Gruppa har arbeid tett saman med Koralbokkomiteen for å avklare ein del spørsmål i samband med melodival, tonehøgde, notasjon, fleirstemmige satsar osb.

Gjennom heile prosessen med ny salmebok har det vore fast regel at ingen er med på å handsame eigne tekster eller melodiar, eller tekster og melodiar frå personar ein er nært knytt til. Vedkomande har i slike høve gått ut av møtet og fått orientering om resultatet i ettertid.

Føringar

Prosjektgruppa hadde fått ein del klare føringar for arbeidet sitt:

- 1 Arbeidet skulle byggje på det arbeidet SU hadde gjort, og som hadde vore på høyring. Det vil seie at gruppa ikkje skulle starte nye utgreiingsprosessar, men gå rett på oppgåvane. Prinsippa for arbeidet i SU er fyldig gjort greie for i saksframstillinga til Kyrkjerådet i juni 2008, KR 32/08 (sjå www.kyrkja.no, Vedtaksføre organ, Kyrkjerådet – eller tast direkte inn <http://www.kyrkja.no/?event=DoLink&famID=45983>).
- 2 Gruppa skulle redusere det store materialet som inngjekk i *Salmebok 2008* – som altså var tenkt som eit tobindsverk – til eit høveleg omfang for eit eittbindsverk. Det vil seie at ein måtte redusere talet på salmar frå 1150 nummer til under 900 nummer, altså ein reduksjon på mellom 250 og 300 nummer.
- 3 Sjangerbreidda skulle takast vare på.

Openheit/Internett

Det blei vedteke å ha ein open prosess, der alle som ville, kunne få innsyn i arbeidet til prosjektgruppa. Ein valde å leggje ut på Internett ei oversikt over alle salmane plasserte i dei avsnitta dei høyrde heime. Det blei oppretta eit eige område på www.kyrkja.no, nemleg www.kyrkja.no/salmebok. Desse oversiktene blei oppdaterte etter kvar ny arbeidsøkt i prosjektgruppa. Då kunne folk følgje med og gi reaksjonar i den grad dei hadde noko å melde.

Det har vore gode erfaringar med denne løysinga. Det har kome ein god del synspunkt og innspel til prosessen, mange av dei svært verdfulle. Fleire har meint at dette kanskje kan vere ein måte å tenkje på når det gjeld somme høyringar i framtida.

Det har dessutan vore engasjert nokre referansepersonar til å kome med fortløpende vurderingar underveis i arbeidet. Men sidan publiseringa på Internett utløyste mange reaksjonar, blei behovet for å ha mange slike referansepersonar redusert.

Innspel, debatt og meininger

Synspunkta som har kome underveis i arbeidet, har stort sett vore av tre ulike typar.

Den *første* typen er dei grunngitte innspela frå faghymnologiske aktørar, frå biskopar og andre som kjenner gudstenestelivet innanfrå. Slik innspel er sende vidare til alle medlemmene i prosjektgruppa, og har gitt bidrag til vurderingane i gruppa.

Nokre av desse innspela har vore på kollisjonskurs med føringane som var gitt for arbeidet. Sjølv om somme tok til orde for det, har det til døme ikkje vore aktuelt å ta bort alt som har å gjere med gospelsongar eller moderne lovsongar. Det har heller ikkje vore ønskeleg å velje bort alle innslag av engelsk eller andre framandspråk, mellom anna fordi det er eit krav at alle songar frå Taizé må ha med originalspråket. For somme av dei sjangrane som er aktuelle, er engelsk språk ein del av sjølve sjangeren. Dessutan har det fleirkulturelle Noreg tatt form i tida etter *Norsk Salmebok*. Mange som søker til gudsteneste i kyrkjene våre, møter noko kjent og kjært i dei engelskspråklege salmane. Slik kan dei ta aktivt del i gudstenesta før dei har lært eit ord norsk. Men òg for mange norske ungdommar er engelsk eit songspråk dei er fortrulege med.

Nettsida for salmeboka er ved eitt høve blitt brukt til å be publikum om synspunkt på ei konkret problemstilling, nemleg ulike norske omsetjingar av ein svensk salme.

Den *andre* typen synspunkt har kome frå interessegrupper eller enkeltpersonar som har ønskt å fremje ein spesiell salmediktar eller komponist. Slike innspel har også vore viktige. Det er ingen løyndom at den salmediktaren som det er kome flest brev og e-postar om, er Elias Blix.

Den *tredje* typen innspel er slike som er initiert av presse og kringkasting. Av ein eller annan grunn har dei valt å snevre inn heile salmebokarbeidet til å dreie seg om stort sett to songar. Kva som skjer med andre songar, har vore utanfor interessefeltet. Dei to songane dette har dreidd seg om, er *Julekveldsvisa* av Alf Prøysen og Arnljot Høyland og *Eg ser* av Bjørn Eidsvåg. Debatten om *Julekveldsvisa* har gått føre seg i så mange år no at prosjektgruppa valde å lage eit notat om saka. Notatet ligg tilgjengeleg for alle på www.kyrkja.no/salmebok

Etter 22. juli 2011 blei det ein liknande debatt om *Til ungdommen (Kringsatt av fiender)* av Nordahl Grieg og Otto Mortensen, etter at kyrkjerådsdirektøren offentleg hadde sagt at songen burde takast med i salmeboka som eit fotavtrykk av den nasjonale sorgprosessen. Det var brei semje om at songen ikkje er ein salme, men svært ulike syn på om han burde få plass i salmeboka. Kyrkjerådet valde å ta songen inn då dei handsama salmeboka i september 2011, og biskopane gjekk god for songen.

Arbeidet i prosjektgruppa

For å ta høyringa på alvor valde prosjektgruppa på den eine sida å ta utgangspunkt i oversiktene over salmar som mange av høyringsinstansane ønskte å utelate, og på den andre sida salmar som fleire høyringsinstansar sakna.

Før prosessen med å skjære ned talet på salmar tok til, valde prosjektgruppa å “frede” ei lang rekke salmar som gruppa rekna med at det var allmenn semje om å føre vidare. På det viset kunne ein spare mykje tid i arbeidet. Dessutan gav det Koralbokkomiteen eit materiale å starte opp med, slik at dei to gruppene kunne jobbe parallelt. Då desse salmane blei freda, tok gruppa mellom anna utgangspunkt i ei liste som SU hadde laga over ”100 umistelige salmar”, og den felleskyrkjelege salmelista (sjå nedanfor). Gruppa hadde derfor eit trygt grunnlag for å frede mange av desse salmane.

Det at ein salme var sterkt ønskt ut eller inn i høyringssvara, førte sjølvsagt ikkje til nokon automatikk i vurderinga av salmen. Gruppa ønskte heile tida å ha eit heilskapleg perspektiv på salmeboka, slik at det kunne bli ein rimeleg god balanse utvalet sett under eitt, og i kvart enkelt avsnitt.

Brei representasjon

Det overordna perspektivet har vore at utvalet av salmar skal dekkje behovet til alle søndagar i kyrkjeåret, til alle typar gudstenester, til høgtider, dåp, vigsel, gravferd osb.

Boka skal først og fremst tene gudstenestelivet, dernest skal ho òg vere eit bidrag til andaktslivet i familiar og for enkeltmenneske. Derfor har ein hatt god nytte av å arbeide i eit dokument der alle salmar til ein kvar tid har vore plasserte inn i dei rette rubrikkane. Det har gitt full oversikt over kvart einaste kapittel heile vegen.

Det er nesten sjølvsagt at kapitlet for jul blir det mest omfattande kapitlet i boka. Julehøgtida har svært mange salmar som er så viktige for mange menneske at det nesten er umogleg å ta nokre bort. Andre rubrikkar kan klare seg med atskillig færre salmar, så sant salmane som står der, er gode nok.

Det har vore eit mål å ta vare på det vi gjerne kallar *salmeskatten*, og la dei kjende og kjære salmane få stå side om side med dei nye. I dette arbeidet har ein heile tida vore medviten om at kyrkja gjennom ei hovudsalmebok forvaltar ein songtradisjon som har utkrystallisert seg gjennom hundrevis av år. Gjennom heile prosessen har ein forsøkt å halde oversikt over salmediktatar og komponistar, slik at det er god breidde – både når det gjeld kva for periode salmane er skrivne i, og når det gjeld å ta vare på dei viktigaste opphavspersonane, både kvinner og menn. I heile prosessen har det vore fokus på å finne materiale fra kvinner som har skrive songtekster og melodiar. Der ein har valt å gi slipp på eit namn som tidlegare har vore representert, har ein vore klar over kva som skjedde. Ein har sjekka og kontrollert att og fram. Det same har vore tilfellet med nye namn som kom inn med *Salmebok 2008*, om ikkje i tilsvarande grad som for dei eldre salmane. Ein del namn frå *Salmebok 2008* er ikkje lenger med, men det nye framlegget har likevel god breidde av nye salmediktatar og komponistar.

I den ferdige salmeboka er salmane under kvart avsnitt ordna kronologisk (så langt det let seg gjere), slik som i *Norsk Salmebok*. Då kan ein lett sjå korleis kyrkja gjennom tidene har sunge om eit tema, til dømes om påsken. (Kapitla skal ikkje ha nummer når salmeboka blir trykt; desse tala er berre eit hjelpemiddel undervegs i arbeidet.)

Elias Blix

Når det gjeld salmediktatar, er det ein som har vore heia fram atskillig meir enn alle andre, og det er Elias Blix, mannen som skapte den nynorske salmediktinga. Det syner noko av gehalten i salmane hans. Det har kome mange brev og e-postar om desse salmane, og dei som har arbeidd med salmeboka, har fleire gongar blitt konfronterte, også frå pressa, med spørsmål om kvifor ein “vil ha Blix ut av salmeboka”.

Av 51 originale Blix-salmar i *Norsk Salmebok* blei 23 tekne ut i *Salmebok 2008*, 28 blei bevarte. I den vidare prosessen er to av dei 28 bevarte salmane tekne ut, men samstundes er seks av dei som var utelatne, blitt tekne inn. Det vil seie at det er fire originale Blix-salmar meir i framlegget no enn i *Salmebok 2008*.

Av 20 Blix-omsetjingar i *Norsk Salmebok* blei seks tekne ut i framlegget, 14 blei bevarte. I den vidare prosessen er ikkje ei einaste av dei 14 omsetjingane blitt teken ut, men ei av dei seks som var utelatne, er blitt tekne inn att.

Det tyder at til tross for den store nedskjeringa av talet på salmar frå *Salmebok 2008* til det framlegget som no ligg føre (ca. ¼ er tekne ut), har talet på Blix-salmar auka. Framlegget har fire originale Blix-salmar pluss ei omsetjing meir enn i *Salmebok 2008*.

Målformer og språk

Det har vore ei klar målsetjing for arbeidet med den nye salmeboka at av dei norskspråklege salmetekstene skal om lag 60 % vere på bokmål og 40 % på nynorsk. Resultatet er temmeleg nær dette målet. I framlegget er nynorskdelen 38,9 %, mens den i *Norsk Salmebok* var 38,1 %.

Boka bryt til ein viss grad nytt land når det gjeld språk i ei hovudsalmebok. Tankegongen bak dette blei gjennomdrøfta av SU, og blei gjort greie for i høyningsbrevet som gav ei orientering om høyningsdokumenta i 2008 (*Høyningsnotat*. Eide Forlag og Den norske kirke ved Kirkerådet):

Gjennom Salmer 1997 er en rekke fremmede språk kommet inn i norsk salmesang. Det gjelder «sanger fra sør» med afrikanske språk, sanger på spansk og portugisisk fra Sør-Amerika og sanger på latin fra Taizé. I Forslaget er det også tatt med salmer og sanger på engelsk. Dette har vært en egen problematikk. For mens de andre språkene som har vært nevnt, i denne sammenheng fremtrer som minoritetsfenomener (ikke tallmessig, men funksjonelt), som gjennom økumeniske kanaler er hjulpet frem ved å tilføres det store sanglige fellesskap, så [...] ser mange på engelsk språk som [...] en trussel mot eget språk og kultur. Sjangrene spirituals og moderne lovsang åpner likevel veien for engelsk språk. Å ta med salmer fra disse gruppene uten å ta med originalteksten – som alltid brukes – ser SU på som utenkelig. I den siste gruppen er noen sanger til og med skrevet på engelsk av norske forfattere. I tillegg til disse gruppene kommer noen salmetekster som allerede er innsunget i den engelske originalformen i store deler av verda. Som eksempel kan nevnes Amazing grace. I slike tilfeller skal en normalt ha med en norsk oversettelse.

Denne tankegongen har vore ført vidare i prosessen etter høyringa.

Samisk og kvensk

I saksorienteringa til kyrkjerådssak KR 32/08, som Kyrkjerådet tok til orientering, heiter det:

Salmeboken skal inneholde et innslag av samiske tekster på alle de tre offisielle samiske språk. I tillegg har Samisk kirkeråd pekt på at også den kvenske befolkning i vårt land har et behov for hjelp til salmesang på sitt språk. Tanken er at en skal bidra til å avhjelpe behovet for samisk (og ev. kvensk) salmesang der det er et innslag i befolkningen som er stort nok til at det er naturlig å synges på disse språkene, men ikke stort nok til at egne salmebøker er tilgjengelige. Det vil da hovedsakelig dreie seg om salmer til de kirkelige handlinger, fortrinnsvis dåp, vigsel og gravferd, samt til de store høytider (jul og påske). De legges under samme note som den norske teksten, der slik finnes, i likhet med dubletter.

Vidare blir det sagt i det same dokumentet:

Samisk kirkeråd har behandlet denne saken med tanke på å sikre det antall salmer de mener er nødvendig. De ”anser det som viktig at samiske salmer er tilgjengelige overalt i Den norske kirke”, og tallfester behovet til 60 salmer fordelt på de tre språkene (se sak SKR 29/08).

Spørsmålet om samiske salmar blei handsama då det framleis var aktuelt med ei salmebok i to bind. No når talet på salmar blir redusert med ca. ¼, er også talet på samiske salmar blitt redusert tilsvarende. Samisk kyrkjeråd har akseptert ein reduksjon frå 20 til 15 salmar på respektive nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk (SKR 14/11):

- 1. Samisk kirkeråd gir sin tilslutning til prinsippet om at de samiske salmene i den nye norske salmeboka reduseres prosentvis like mye som de norske salmene.*
- 2. Samisk kirkeråd gir sekretariatet fullmakt til å gjøre det endelige utvalget av salmer i dialog med aktuelle aktører i sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk kirkeliv i tråd med samtalen på møtet.*
- 3. Samisk kirkeråd ber om at et større utvalg samiske salmer tas med i Kirkerådets salmedatabase som gjøres tilgjengelig for bruk i Den norske kirke.*

Behovet for også å ha med salmar på kvensk har vore peika på frå fleire hald. Noreg har no òg fått den første kommunen i landet med kvensk som offisielt forvaltningspråk (Porsanger). Dette har ført til at Kyrkjerådet har opna for å gi plass til 15 kvenske salmar i salmeboka. Desse er på plass i framleggset som Kyrkjemøtet skal ta stilling til. Det har vore eit krevjande arbeid å få desse salmane nedskrivne i tråd med kvensk rettskriving.

Dei samiske og kvenske salmane er valde ut av grupper som har representert dei ulike språka. Mange av salmane har norske paralleltekster i salmeboka frå før. Men det er òg teke inn nokre norske eller svenske paralleltekster for å gjere innhaldet tilgjengeleg for fleire. Desse paralleltekstene er dermed tekne inn i boka på andre vilkår enn dei andre salmane.

Dei samiske og kvenske salmane har auka talet på nummer i salmeboka med 26. At talet på nummer i boka ikkje aukar meir når det er teke inn 60 samiske og kvenske tekster, skuldast ganske enkelt at paralleltekster er sette på same nummer. Dei samiske og kvenske salmane er blitt plasserte der dei tematisk høyrer heime i salmeboka.

Justering av tekster

Hovudprinsippet har vore at tekstene frå *Norsk Salmebok* skulle førast vidare i uendra form. I *Norsk Salmebok* blei det gjort eit stort arbeid med språkleg oppdatering av mange tekster, og nye generasjoner er blitt vane med desse versjonane. Ikke alle endringar er blitt like godt mottekte, og i somme unntaksvise tilfelle er tekster no blitt tilbakeførte til forma dei hadde før *Norsk Salmebok*. Det mest markante eksemplet er nok julesongen *Her kommer dine arme små/Her kjem me, dine arme små*.

I nokre tilfelle har det vore ønskjeleg å justere utvalet av vers (strofer), noko som stort sett tyder forkorting av salmane, men ikkje alltid. Det er òg døme på at vers som var tekne ut i *Norsk Salmebok*, no er på plass att.

Ulike sjangrar er vurderte under eitt

Når det gjeld nye sjangrar, har ein lagt vekt på å sjå dei under eitt, slik at dei blir rimeleg godt representerte. Det gjeld gospelsongar/moderne lovsongar, spirituals, Taizé-songar og Iona-songar. Det har òg vore vektlagt at songar frå den verdsvide kyrkja blir representerte, som for eksempel songar frå Midtausten, Afrika og Latin-Amerika. Somme av desse har vore i bruk på internasjonale samlingar i KV, LVF og KEK, og er spreidde derfrå til heile verda.

Vi lever i ei verd der også kyrkjelivet blir jamt meir internasjonalt. Folk med bakgrunn frå andre land er eit stadig meir synleg innslag i gudstenestene våre, og norske kvinner og menn er stadig oftare til stades på gudstenester i andre delar av verda. Dette er også med å opne for salmesong på fleire språk enn norske salmebøker har gjort tidlegare, og vi fekk som nemnt ein forsmak på dette med *Salmer 1997*.

Teologisk dimensjon

Den gruppera med tekster som er blitt sterkast skoren ned frå *Salmebok 2008*, er tekstene som var henta inn frå den allmenne lyrikken. Det at mange av desse er tekne ut, er ikkje eit teikn på at dei er stempla som därlege tekster, men snarare ei vurdering av at dei ikkje fell inn under ein vanleg definisjon av ein salme. I ei orientering til Kyrkjerådet frå kyrkjerådsdirektøren i februar 2011, blei det stilt krav til ein theologisk dimensjon i ein salmetekst:

Prosjektgruppa har ikke laget nye utvalgskriterier i forhold til Underutvalg 5 (Uu5, salmebokutvalget), men administrasjonen mener at salmene som velges, skal ha en theologisk dimensjon i teksten, det vil si at teksten skal relatere seg til Faderen, Sønnen og/eller Den hellige ånd, eller si noe om forholdet mellom Gud og mennesker eller Gud og det øvrige skaperverket. Det betyr ikke at sanger som mangler en slik theologisk dimensjon, ikke kan anvendes i en gudstjeneste hvor de settes inn i en kontekst, men salmeboka skal ikke være en antologi for allmenne tekster.

Dette kriteriet har gjort at tekster som “Gje meg handa di, ven” og “Änglamarken” har vore relativt enkle å ta ut – noko også høyringa gav god støtte for. “Til ungdommen” blei òg teken ut på bakgrunn av dette kriteriet, men Kyrkjerådet har sidan teke songen inn att. Det er ikkje noko til hinder for at songar som ikkje er med i salmeboka, kan bli brukte i ei gudstjeneste, dersom dei passar inn i konteksten. Den nye gudstenesteordninga som Kyrkjemøtet vedtok i april 2011, set ikkje grenser for kor mange songar ein kan hente inn i ei gudstjeneste frå andre kjelder enn salmeboka.

Salmedatabase

I denne samanheng bør det òg nemnast at det skal byggjast opp ein salmedatabase på Internett, i tråd med sterke ønskjer i Nemnd for gudstenesteliv – og i høyringa. Kyrkjerådet skal ha det redaksjonelle ansvaret for denne databasen, som blir etablert og drifta av Eide Forlag. Her kan ein finne mange av dei salmane som no av omsyn til plassen blir ståande utanfor salmeboka. Her kan kyrkjelydane hente inn salmar til gudstenesteagendaene sine eller til elektronisk framsyning i kyrkja, akkurat som dei kan med salmane frå salmeboka. Dette blir ein betalingsnettstad, som dermed vil sikre at dei som har opphavsrett til salmane, får si rettmessige betaling i tråd med avtaler som er inngått. Salmedatabasen blir ein modul i det digitale gudstenestebiblioteket.

Saksdokumentet til møtet i Kyrkjerådet i mars 2010 seier: “*Utviklingen i arbeidet med salmedatabase åpner for å ha en høy grad av tilgjengelighet på viktige salmer som ikke har fått plass i kirkens hovedsalmebok. Dette gjelder både viktig tradisjonsstoff og nyere salmer.*”

Eide Forlag har utvikla ei stor og omfattande plattform for nedlasting av noter og lydfiler. Plattforma er i drift frå årsskiftet 2011/2012. *Norsk Salmebok*, *Salmer 1997* og *Salmebok 2008* er gjort elektronisk tilgjengelege, det same gjeld *Norsk Koralbok* og koralsboka til *Salmer 97*. Når *Norsk salmebok 2013* ligg føre, vil ho òg bli lagt inn i databasen.

Eit nummer, fleire tekster

Det nye framlegget inneholder ei lang rekke dublettar. Det gjeld som oftast kombinasjonen bokmål og nynorsk, men òg kombinasjonar med andre språk, som engelsk og bokmål, nordsamisk og nynorsk, eit afrikansk språk og ei norsk målform osb. Til saman er det 152 salmar som finst på meir enn eitt språk eller i meir enn ei målform, nokre få også som trippeltar eller kvadruplar. På dette viset har ein fått 1065 ulike tekster fordelt på 893 salmenummer.

Det normale er at det første verset av begge (eller alle tre) tekstene står i same notebladet. Under notebladet vil resten av versa stå i to parallelle spaltar. Dette sparar plass i boka. Det har vore reist spørsmål om dette vil skape forvirring om kva for tekst ein skal syngje, når det er sett opp eit nummer på salmetavla der salmen har meir enn ein tekst. Uroa er neppe godt grunngitt. Er det ein nynorskttekst og ein bokmålstekst det handlar om, vil ein kyrkjelyd som nyttar nynorsk, normalt starte på nynorsktteksten, og motsett for ein bokmålskyrkjelyd. I andre tilfelle er det som oftast uproblematisk å gi informasjon om kva for tekst ein skal syngje.

Registrer, merking av tekster

Salmeboka vil ha med ulike register, som skal gjere boka så brukarvenleg som mogleg. Det blir sjølv sagt eit alfabetisk register og register over salmeforfattarar, omsetjarar og komponistar, samt eit copyrightregister.

Det vil òg bli register over salmar som høver til spesielle bruksområde/tema, eller som høyrer til spesielle sjangrar. Når det gjeld bruksområde/tema, vil lista omfatte trusopplæring, arbeidsliv, pilegrimsvandring, osb. Når det gjeld sjangerregister, dreier det seg om gospelsongar/lovsongar, spirituals, Taizé-songar, Iona-songar og salmar frå den verdsvide kyrkja. Det blir òg oversikt over salmar på nordsamisk, lulesamisk, sør-samisk og kvensk.

Etter kvart avsnitt vil det bli vist til andre salmar som høver til same bruk som salmane i avsnittet, på same måte som i *Norsk Salmebok*.

Ein del salmar vil bli merkte med eit særskilt symbol. Det gjeld mellom anna salmar frå den felleskyrkjelege salmelista (sjå s. 16) og salmar der besifring og orgelsats kan brukast saman (gjeld salmebok med besifring og koralsbok).

Musikkspørsmål

Til slutt litt om musikkspørsmål. Prosjektgruppa og Koralbokkomiteen har heile vegen hatt god kontakt med kvarandre. Begge har kome med innspel til kvarandre. Det gjeld både melodival, spørsmål om korleis enkelte melodiar bør noterast, toneleie, fleirstemmige satsar i salmeboka, osb. (I somme salmar i det vedlagte framlegget til ny salmebok er ikkje notasjonen heilt ferdig redigert.)

Ca 50 fleirstemmige satsar får plass i salmeboka, mellom anna til Taizé-songar, som mange er vane med å syngje slik allereie. (Desse satsane er ikkje på plass i saksdokumentet til Kyrkjemøtet.) Det er atskillige kyrkjegjengarar som har sunge i kor, og som er vane med å syngje etter noter, og som dermed lett vil kunne syngje dei ulike stemmene. Dei som ikkje er vane med det, vil sjølvsagt syngje melodistemma, anten dei er kvinner eller menn.

Nokre salmar har fått to alternative melodiar i boka, mens det i langt fleire tilfelle er vist til moglege alternative melodiar.

Besifring i eiga utgåve

Det blei tidleg fatta vedtak om at alle melodiar i salmeboka som eignar seg for det, skal få besifring. Det er det nordiske besifringsspråket som vil bli brukt (som til dømes er brukt i noteskriveprogrammet *Finale*). Forlaget har kome med eit framlegg om å lage ei eiga salmebokutgåve med besifring. Administrasjonen i Kyrkjerådet har støtta dette framlegget, og har orientert Kyrkjerådet om det.

Utan ei slik løysing står ein i fare for å få eit overlessa noteblete i salmeboka. Mange salmar vil ha meir enn ein språkversjon mellom notelinene, og om lag femti songar vil ha ein fleirstemmig sats. Om besifringa òg skal inn i det same notebletet, blir det svært mykje informasjon på ein gong.

I Sverige er det laga ei eiga utgåve av *Den svenska psalmboken* der songane har fått besifring. Denne boka er laga i tverrformat (liggjande format) slik at ho opnar seg lett, og lett kan plasserast på eit notestativ eller på eit piano. Det er med andre ord ei bok som er mykje meir eigna som spelebok enn den vanlege salmebokutgåva. Når forlaget ønskjer å satse på ei slik bok, har ein helsa framlegget velkommen. I praksis tyder dette at dei som spelar etter besifring, får ei god spelebok som er lett å handtere.

Bønebok og katekisme

Kyrkjerådet har vedteke at bønebok skal vere med i den ferdige salmeboka (KR 50/05 og KR 12/10). I den nyaste utgåva av *Norsk Salmebok*, som har med bøneboka, står bøneboka på nynorsk i nynorskutgåva og på bokmål i bokmålsutgåva. Bøneboka utgjer rett i overkant av 100 sider. I den nye salmeboka er bøneboka sett saman av somme bøner på nynorsk og somme på bokmål. Av plassomsyn vil dei same bønene ikkje stå som parallellear i begge målformer, med unnatak av tekster som Fadervår, truvedkjeninga og liknande. Desse må sjølvsagt stå på både nynorsk og bokmål. Det er gjort ein mild revisjon av bøneboka, som jo er ganske fersk.

Kyrkjerådet har òg vedteke at Luthers vesle katekisme skal vere med i boka (KR 50/05 og KR 12/10). Katekismen blir teken med både på bokmål og nynorsk i den forma som Bisperådet har fastsett.

Liturgiske ledd

Den liturgiske musikken skal evaluerast om tre til fem år, det vil seie etter at salmeboka har vore på marknaden ei stund. Konsekvensen av dette er at liturgiske ledd i salmeboka vil bli avgrensa til eit minimum. I hovudsak vil berre strukturen i hovudgudstenesta og dei kyrkjelege handlingane kome med i salmeboka.

Bibelske salmar

Det er vedteke at det skal vere med ein del kyrkjelydsomkvede som kan brukast til fleire av dei bibelske salmane. Det meste av dette materialet blir ført vidare frå *Norsk Salmebok* og *Salmer 1997*, men noko nytt kjem òg til. Talet på salmenummer i salmeboka er under 900. Heile 900-talet er såleis tilgjengeleg for nummerering av kyrkjelydsomkvede til dei bibelske salmane.

Handsaming i Kyrkjerådet

Kyrkjerådet handsama framlegg til ny salmebok i september 2011. Framlegg fekk mange lovord for å vere balansert og gjennomarbeida. (Protokoll på www.kyrkja.no/salmebok)

Kyrkjerådet drøfta spesielt tre salmar, som alle er tekne inn. Dei tre salmane var:

Kristne, kom i morgenlyset (Eyvind Skeie/Joachim Neander), i avsnitt 2.2, Stefanusdagen.

Kringsatt av fiender (Nordahl Grieg/Otto Mortensen) i avsnitt 43, Rettferd og fred. Songen skulle vere med i si fulle lengd (7 vers).

Det finst ei jord som opnar opp ("Nattsalme", Jon Fosse/Andreas Utne) i avsnitt 47.2, Kveld.

To andre salmar blei òg drøfta nokså inngåande av Kyrkjerådet.

Det blei stilt krav om at *Olav konge vil vi være* måtte endrast om han skulle vere med i salmeboka. Opningsorda måtte endrast, og det femte verset måtte formulerast slik at det ikkje var tvil om at bøna rette seg til Gud. Salmen er sidan retta av Arve Brunvoll i tråd med dette.

Forunderleg eit vrak som meg (John Newton/Edvard Hoem), rubrikk 19, Jesus, frelsaren vår.

Det kom framlegg om å la salmen *Forunderleg eit vrak som meg* gå ut av omsyn til førsteverset. Etter at salmen kom med i *Salmer 1997*, har mange hatt innvendingar mot opninga. Det gjeld syntaksen, men særleg ordet *vrak*. Originalteksten har ordet *wretch* (usling), ikkje *wreck* (*vrak*). Prosjektgruppa har gått fleire rundar med Hoem om opningslina i denne songen. Hoem vurderte mange løysingar, men fann ikkje noko han var nøgd med, og konkluderte med at det som står, er det beste.

Kyrkjerådet valde at *Amazing Grace* med engelsk tekst blir teke inn, saman med norsk omsetjing ved Trygve Bjerkreim.

Kyrkjerådet gjorde følgjande vedtak:

1. Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å vedta ny salmebok for Den norske kyrkja slik ho er lagt fram på møtet i rådet i september 2011, med dei endringane som framkom i møtet.
2. Kykjerådet sender framlegg til Bispekonferansen for lærefråsegn med siktet på handsaming i Kyrkjemøtet.
3. Administrasjonen i Kyrkjerådet får mynde til å gjere naudsynte justeringar i salmeboka fram mot Kyrkjemøtet 2012.

Handsaminga i Bispekonferansen

På bispekonferansen i oktober hadde biskopane salmeboka til theologisk vurdering, det vil seie ei vurdering av om framlegg til ny salmebok er i tråd med evangelisk-luthersk tru og vedkjenning, slik at det kan leggjast fram for Kyrkjemøtet. Bispekonferansen hadde ikkje innvendingar mot framlegg. Boka fekk ei positiv vurdering. ”Vår konklusjon er at framlegg som ligg føre, vil bli ei god salmebok i tråd med vår evangelisk-lutherske tro”, sa biskop Ole Christian Kvarme på pressekonferansen etter bispekonferansen.

Berre fire salmar utløyste debatt og røysting på Bispekonferansen. Alle dei fire salmane fekk eit fleirtal som støtta deira plass i boka. Dei fire salmane var:

Kringsatt av fiender, Det finst ei jord som opnar opp, Svøp kappen din om skuldrene, Olavs minne vil vi være (ny versjon av *Olav konge vil vi være*).

3 Salmebokframlegg i tal

Omfang

Boka som Kyrkjemøtet no har på bordet, inneheld 893 nummer. Av desse har 136 to tekster (til dømes bokmål og nynorsk), 12 har tre tekster og fire har fire tekster (48 *Deilig er jorden*; 389 *Laudate omnes gentes*; 508 *Kom, Hellig Ånd, med skapermakt*; 752 *Samefolkets sang*). Til saman utgjer dette 1065 tekster.

Målform og språk

Oppteljinga viser at av 933 norske tekster er 570 på bokmål og 363 på nynorsk, det vil seie at bokmål no utgjer 61,1 % og nynorsk 38,9 %. Det er ein litt høgare nynorskprosent enn i *Norsk Salmebok*.

Når det gjeld andre språk, er 24 tekster på svensk, 23 på engelsk, 17 på andre framandspråk, fem i gammal språkdrakt, tre på dialekt og 60 på eit samisk språk eller kvensk.

Samiske og kvenske salmar

Det er 60 samiske og kvenske salmar i boka (15 på kvart av dei fire språka). Dette har auka det totale talet på salmar med 26, og har skapt nokre ekstra dublettar, triplettar og kvadruplar. Det har òg medført at 25 tekster (9 på bokmål, 9 på nynorsk, 6 på svensk, 1 på engelsk) er tekne med som paralleltekster for å gjere slike salmar brukbare for andre

enn dei som hører til den aktuelle språkgruppa. No står berre to sørsamiske songar utan ein paralleltekst.

Kjelder for salmane

Av dei 893 salmane i boka er 536 frå *Norsk Salmebok* (596 tekster), 123 er frå *Salmer 1997* (146 tekster), og 234 er frå *Salmer 2008* eller andre kjelder (323 tekster).

Norsk Salmebok

Oppteljinga viser at av 873 salmar i NoS (dvs. 866 nr. i ”salmedelen” + nr. 867, 868, 871, 878, 905, 943, 946) er 596 første vidare, mens 277 ikkje er første vidare. Det vil seie at 68,3 % av NoS er med i den nye boka, og tilsvarande at 31,7 % ikkje er med.

Salmer 1997

Oppteljinga viser at av 283 salmenummer i S97 er 123 nummer første vidare (146 tekster), mens 140 nummer ikkje er første vidare. Det vil seie at 46,8 % av alle nummer er med i den nye boka og 53,2 % er ikkje med.

Salmebok 2008 + anna nytt stoff

Oppteljinga viser at 234 salmar frå dei nye kjeldene er komne med i den nye boka. Det inkluderer 26 salmenummer med samiske og kvenske salmar (+ 25 norske/svenske dublettar) som ikkje er parallelar til salmar som ville vore representerte uansett. (Det tyder igjen at 34 av dei samiske og kvenske salmane som er på plass, er parallelar til salmar som allereie var inne i salmeboka.)

Fordeling av kjelder i heile boka

Boka er no samansett av 893 nummer. Av desse er 536 nummer frå *Norsk Salmebok* (60,0 %), 123 er frå *Salmer 1997* (13,8 %) og 234 er frå dei nye salmane i *Salmebok 2008* + andre kjelder (26,2 %).

Om ein reknar med utgangspunkt i *tekster* ($596 + 146 + 323 = 1065$), blir tala noko annleis: (NoS 56,0 %, S97 13,7 % og det nye stoffet 30,3 %).

Tilhøvet til den felleskyrkjelege salmelista

Tidleg i 2008 presenterte ti kyrkjesamfunn og sju lutherske organisasjonar ei liste med 269 salmar som representerer noko av det beste av den norske salmeskatten. Lista inneheld salmar som alle kunne kjennest ved, og som ingen hadde teologiske innvendingar mot. Denne lista blir gjerne omtala som *den felleskyrkjelege salmelista*, og lista er trykt i *Salmebokforslaget 2008. Del 2: Supplerende materiale*. Av desse 269 salmane er 238 med i framlegget til ny salmebok for Den norske kyrkja, det vil seie at berre 31 ikkje har fått plass. Det tyder at den økumeniske profilen er godt teken vare på i framlegget.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Sjølv om det framleis er ein del usikre moment knytte til ferdigstilling og produksjon av salmeboka, er arbeidet kome så langt at det er mogleg å gje ein prognose for omfang og pris.

Omfanget av boka er no rekna til ca 1500 sider (den siste utgåva av *Norsk Salmebok* med bøneboktillegget er på 1200 sider). Dei ulike delane av boka er fordelt slik:

| | |
|---|-----------------|
| Salmane – 893 nummer (1065 tekster), med noter og fleirstemmige satsar: | 1120 sider |
| Liturgisk materiale og bibelske omkved (bm + nn) | 110 sider |
| Bønebok (bønene dels på bm, dels på nn, berre få dublettar) | 150 sider |
| Katekisme (bm + nn) | 25 sider |
| Register | <u>95 sider</u> |
| Heile boka | 1500 sider |

Kyrkjerådet har bede Eide Forlag om å gi ein prognose for kva salmeboka vil koste i utsal (minimum og maksimum). Førebelse anslag er minimum 295 kroner og maksimum 355 kroner. Prisen avheng mellom anna av arbeidet med notesatsen (mengda av fleirstemmige satsar), royaltyforhandlingar med NOPA og Komponistforeningen (om det blir naudsynt), avtaler rundt bøneboka, framdrifta i Kyrkjerådet osb.

Det er eit mål frå Kyrkjerådets side å halde prisen så lav som mogeleg. Det vil bli ein ordning med kvantumsrabattar til kyrkjelydane.

Når det gjeld pris for tilgang til og bruk av den digitale salmedatabasen, er det gjort avtale mellom Kyrkjerådet og Eide Forlag, der prisen er gradert etter små kyrkjelydar, mellomstore kyrkjelydar og store kyrkjelydar. Denne inndelinga gjeld heile gudstenestebiblioteket, og inndelinga er gjort etter talet på løna årsverk i kyrkjelyden. Satsane som det er gjort avtale om, er desse:

Digital programvare

| Årleg pris for modular og Eides planleggjar (2012) | Lanseres | Liten (1-3) | Middels (4-6) | Stor 7+ | Rabatt-matrice |
|--|------------|------------------|------------------|-------------------|----------------|
| Liturgi med noter for kyrkjelyden | 15.11.2011 | 1 250 (i år 500) | 2 125 (i år 850) | 2 975 (i år 1190) | |
| Salmedatabasen | 15.12.2011 | 1400 | 2 380 | 3 332 | 5 % |
| Tekster | 15.11.2011 | 495 (i år 297) | 842 (i år 505) | 1 178 (i år 707) | 10 % |
| Øvingsplattform for liturg eller medliturgar | 01.01.2012 | 595 | 1 012 | 1 416 | 15 % |
| Liturgisk musikk | 15.01.2011 | 395 (i år 316) | 672 (i år 538) | 940 (i år 752) | 20 % |
| Koralbokdatabasen | 15.01.2011 | 495 | 672 | 940 | 20 % |
| Gudstenestoplanleggjaren | 01.12.2011 | 998 | 1 697 | 2 375 | 50 % |
| Totalt eks rabatt | | 5 628 | 9 400 | 13 156 | |
| Dei fire første produkta | | 3 740 | 6 359 | 8 901 | |

Rabattsystemet er laga slik at kyrkjelyden må kjøpe ein modul for å få rabatt på neste modul. Rabatten gjeld for kvar enkelt modul, ikkje på heile fakturaen.

Produkta kan òg kjøpast av organisasjonar som bispedømmeråd og andre for intern bruk i denne organisasjonen. Prisen for dette blir vurdert ut frå tiltenkt bruk.

Nedlasting av enkeltsalmar, tekstavsnitt osb. for alle og einkvar vil liggje føre like over nyttår.

Administrative tilhøve

Ei stilling i Kyrkjerådet må ha eit redaksjonelt ansvar for kva for salmar som får plass i den digitale salmedatabasen i framtida. Dette ansvaret er tenkt lagt til ei stilling med ansvar for det kontinuerlige arbeidet i Kyrkjerådet med liturgi, gudsteneste og salmar. Ein tek med andre ord ikkje sikte på nokon ny stillingsressurs i samband med salmedatabasen.